



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Kjerstin Korsøen Rebnord, 5557 2367

Vår dato  
03.06.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/788 755  
Dykkar referanse

Radøy kommune  
v/ rådmann Jarle Landås  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

### Purring – Radøy overformynderi - årsrekneskap første halvår 2013

Radøy overformynderi har ikkje oversendt årsrekneskapen for første halvår 2013 til Fylkesmannen for desisjon slik som fastlagt i § 83 i dågjeldande verjemålslov.

Vi viser i samband med dette til vår purring i brev av 19.01.2014.

Fylkesmannen ser alvorleg på denne manglande oppfølginga frå overformynderiet si side og peikar på at dette er brot på den lovbestemte plikta i § 83 i verjemålslova av 22.04.1927.

Fylkesmannen ber rådmannen snarast følgje opp den manglande innsendinga av overformynderiet sin årsrekneskap for første halvår 2013. Vi minner i denne samanhengen om kravet til revisjon, jf. § 85 i verjemålslova av 22.04.1927.

Fristen for innsending av dei manglande overformynderirekneskapane vert sett til 30.06.2014.

Vi nemner elles at ny verjemålslov som vart sett i kraft 01.07.2013 inneber at rekneskapsføringa frå og med andre halvår 2013 er overteken av Fylkesmannen som lokal verjemålsstyresmakt.

Med helsing

Svein Bjerkeng e.f.  
underdirektør

Kjerstin Korsøen Rebnord  
førstekonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*